

LEIRVIK®
1946-2021 75



VÅR HISTORIE



Moderne verksemd med 75 års erfaring

VÅR REISE	4
13.09.1946	8
1946–1969	10
1965–1974	12
1974–1988	14
1988–1995	16
1995–2000	18
2000–2005	22
2005–2010	26
2010–2015	30
2015–2021	34
2021 >	44



Leirvik AS har vore gjennom mange ulike fasar. Me har gått frå ombygging og reparasjonar av båtar til bygging av fiskefartøy, lasteskip og offshorehotell, og me har gått frå stål til aluminium.


Etter nær 50 år med bygging av bustadkvarter til offshoreindustrien, satsar me no òg på nye marknader innan akvakultur, infrastruktur og havvind. Me har i dag eit breitt ingeniørmiljø innan alle disiplinar som utviklar teknologi og løysingar som vert fabrikkerte av dyktige fagarbeidrarar på eige verft.

Det har vore eit krav til omstilling i heile Leirvik AS si 75-årige historie. Det har me klart takka vera kontinuerleg teknologiutvikling, nyskapings- og entreprenørånd gjennom generasjonar, og ikkje minst gode folk på alle plan. Når me no skal vidare opp og fram, og finna vår plass i det grøne skiftet, er det viktig å kjenna bakrunnen vår.

Med dette heftet ønskjer me å gi deg innblikk i denne historia, med hovudfokus på dei siste 25 åra.

God lesnad!


Helge Gjøsæter
Administrerande direktør



Vår reise



1946

*Leirvik Sveis
blir etablert.*

1948

Første leveranse
– det ombygde
tankskipet «Paust».



1954

Leirvik Sveis leverer sin første «skikkelege
båt», den 63 fot store fiskebåten «Verdi».
Gjennom historia bygger verftet eit 40-tals
fiskefartøy, tørrlastskip, slepebåtar, ferjer
og andre fartøy.



1965

Overtaking av verftsanlegget
på Seglneset i Sagvåg.



1955

Leirvik sikrar seg areal
til nytt verftsanlegg i
Aslaksvik.

1950

Produksjonen av snurpedoryar
i stål tar verkeleg av og gjer
Leirvik Sveis til landets største
produsent av slike notbåtar.



1968

Produksjon og montering av siloar til Egerø
Sildoljefabrikk – eitt av mange eksempel på
den varierte industriproduksjonen til Leirvik
Sveis gjennom åra.





1970

Kontrakt på bygging av botn-, dekks- og andre skipsseksjonar til supertankarar bygdé ved Stord Verft. Dette blir hovudgeskjefen dei neste fem åra.

1983

Leirvik Sveis leverer bustadmodular, kontrolltårn og helikopterdekk til Statfjord-feltet.

1990

Satellittutbygging gir kontrakt på oppgradering av Statfjord C. Dette vert starten på vedlikehalds- og modifikasjonssatsinga.

1995

Bygging av Noregs første aluminiumsbru, den 39 meter lange og 30 tonn tunge Forsmo bru.

1974

Kontrakten på bygging av hotellet til Beryl A-plattforma markerer starten på offshoreæraen.

1985

Oppkjøp av Delindustri og etablering av industriproduksjon og seinare prefabrikasjon av rør på Grunnavågsneset i Sagvåg.

1991

Overlevering av verdas første bustadkvarter i aluminium til Snorre-plattforma.

1997

Med bustadkvartera til Visund-plattforma og dei påfølgande prosjekta, får aluminium sitt verkelege gjennombrot som konstruksjonsmateriale i den norske offshoreindustrien.





2001

Leirvik Sveis skiftar namn til Leirvik Module Technology. Same år etablerer selskapet òg Leirvik Module Technology Nigeria – som vinn kontraktar på to bustadkvarter til Dibi- og Delta-felta i det vestafrikanske landet.

2008

Leirvik MT overtar den svenske hovedkonkurrenten – Emtunga Offshore AB.



2009

Leirvik skiftar namn til Apply Leirvik og blir eitt av selskapa i Apply Group.



2016

Overlevering av bustadkvarteret til Gina Krog, ein av tre kontraktar selskapet vann med berre tre månaders mellomrom i 2013.

2017

Apply Leirvik skiftar namn til Leirvik AS, og blir eit sjølvstendig og reindyrka selskap.





2018

Det gigantiske bustadkvarteret til Johan Sverdrup-feltet står ferdig. Dette er den aller største kontrakten Leirvik har sikra seg gjennom tidene.

2019

Bustadkvarteret til Peregrino II set kursen for Brasil, og viser til fulle at Leirvik kan konkurrera med aluminium i den internasjonale offshoremarknaden.

2020

Det vert investert i robotisert sveiselinje.

2021

Leirviks bygger sin aller første leveranse til oppdrettsbransjen, ein stor flytepontong i aluminium til ein lukka merd.

2019

Leirvik sikrar seg stor og viktig vedlikeholds- og modifikasjonskontrakt på produksjonsskipet "Jotun A".

2019

Leirvik deltek i konseptstudien for ei aluminiumsbru til nye E39 over Langenuen mellom Stord og Tysnes.

2019

Ein grundig strategiprosess endar ut i tre nye hovudsatsingsområde: Akva, infrastruktur og offshore havvind.

2021

Leirvik leverer tilbod til Aker Solutions på bygging av bustadkvarteret til Jackdaw-feltet i britisk sektor av Nordsjøen, med Shell som sluttkunde.



13.09.1946



Gjengen som bygger om "Banco", det aller første oppdraget til Leirvik Sveis.
Odd P. Bjelland ytst til venstre.

Det startar med ein draum

Den dyktige sveisaren Odd P. Bjelland på Stord har lenge gått med ein draum om å starta si eiga verksemd då han i 1946 får spørsmål om å reparera det forliste tankskipet «Banco». Bjelland grip sjansen. Han hentar inn dyktige folk, riggar seg til med verkstad i leigde lokale i Evjo inst i Leirvik hamn på Stord, og 13. september registrerer Bjelland sitt første heileigde firma: Leirvik Sveis.

Her skal det satsast på skip, stål og sveising.

Odd P. Bjelland, gründeren som starta Leirvik Sveis.



I 1947 ligg "Banco" som ein skraphaug ved Berlevåg.

Båtbyggjaråra

OMBYGGINGAR OG NYBYGG

I 1948 er restaureringa av «Banco» ferdig og tankskipet, som då er døypt om til «Paust», set kursen mot Haugesund. Suksessen legg grunnlaget for fleire ombyggingsoppdrag, og allereie hausten 1949 kan Leirvik Sveis levera sitt tredje ombygde skip – ein kvalbåt som er gjort om til moderne snurperfartøy.

Heilt frå starten grublar Bjelland på andre inntektskjelder for verkstaden. Han lurer først på å bygga lystbåtar saman med Oma Baatbyggeri, men båtbyggjarane ser større marknadspotensial i å bygga stålversjonar av dei tradisjonelle notbåtane til fiskeflåten, doryane.

I 1947/48 vert den første ståldoryen frå Leirvik Sveis, ein 30-fotar, testa på vintersildfisket. Basert på tilbakemeldingane frå fiskaren, vert designet justert og dory nummer to produsert. Sidan går det slag i slag.

År for år omfamnar stadig fleire norske og islandske fiskarar den robuste stålåta, og det vert etablert serieproduksjon av doryar bak verkstaden i Evjo.

I 1957 gjer introduksjonen av kraftblokka at doryane vert overflødige på fiskefelta, og produksjonsentyret tek slutt.



I løpet av dette tiåret har Leirvik Sveis levert 216 doryar og vore Noregs største produsent av slike notbåtar i stål!

Innimellan serieproduksjonen av doryar, får Leirvik Sveis også tid til å bygga eit femtals små slepebåtar, varpebåtar som vert brukte til tømmertransport i dei stor vassdraga på Austlandet, og andre småbåtar som aldri vert listeført i noko register. Båten som offisielt får byggenummer 1 hos Leirvik Sveis er den 37 fot store hamneferja «Lahell» for Drammen kommune – levert i 1951.

I 1954 leverer verksemda sin aller første «skikkelege» båt, den 63 fots fiskebåten «Verdi», eit nybygg til den nette sum av 90.000 kroner. Seks månader, 23 tonn stål og 5.500 timer stålarbeid går med i prosjektet. «Verdi» innleiar ein hektisk fireårsperiode, der Leirvik Sveis bygger ein kombinert slepebåt og isbrytar, samt ei rekke stadig større fiskebåtar for kyst- og havfiskeflåten – derav to på heile 110 fot.

På 1940- og 50-talet er Leirvik Sveis Noregs største produsent av notbåtar i stål, og leverer totalt 216 slike dorryar.



I 1957 er Leirvik Sveis godt i gang med produksjonen på nytt verftsanlegg i Aslaksvik.



BYGGER OPP-NED

Dei er ikkje redde for å gå nye vegar på Leirvik Sveis. På same måte som doryane vart bygde opp-ned, blir også dei første fiskebåtane – heilt opp i 65 fot – bygde med kjølen i veret. Metoden har seinare blitt vidareført av Oma Baatbyggeri, som har bygd fleire aluminiumsskrog på denne måten.

«Leirvik Sveis har gått inn for en ganske interessant og tydelegvis også rasjonell byggemetode som verftet, så vidt vites, er det eneste om å praktisere i landet» Norwegian Shipping News, nr 24, 1954.

FLYTTING TIL ASLAKSVIK

Det vert etter kvart trontg på og rundt skipsbyggeriet i Evjo. Båtbyggjarane byrjar derfor sjå seg om etter andre stader å driva på, og i 1955 kjøper Leirvik Sveis tomta til eit tidlegare skipsbyggeri i Aslaksvik på Hystad. Her kan selskapet bygga opp eit nytt skipsbyggeri heilt frå botnen av.



Sjøsettinga av shelterdekkaren "Rugg" i 1963 (øvst) og bygginga av overbygget til lasteskipet "Kongsholm" (1956).

LASTEBÅTAR OG STORE FISKEBÅTAR

Noko av det første Leirvik Sveis bygger i Aslaksvik er overbygget til lasteskipet «Kongsholm», på oppdrag for Stord verft. Sidan går det slag i slag utover 50- og 60-talet med ei rekke lasteskip og fiskebåtar. Det siste ordinære skipet Leirvik Sveis bygger er bilferja MF «Lærdal», som vert levert til Fylkesbaatane i 1970.

Ekspansjon, seksjonsbygging og industriproduksjon

UTVIDING I SAGVÅG

For å kunna utrusta dei mange skroga som er under bygging i Aslaksvik, kjøper Leirvik Sveis i 1965 verkstadianlegget Seglneset i Sagvåg. Frå og med dette året vert alle skroga utrusta der, og verkstaden i Sagvåg er også populær hos fiskebåtreiarar på jakt etter ein stad å få utført kjappe og effektive reparasjoner.

Utover 70-talet utgjer produksjon av leiderar og rekktverk til supertankarane som Stord verft bygger tidvis 70–80 prosent av arbeidsmengda, og då Leirvik Sveis tek steget inn i offshoreindustrien er det avdelinga på Seglneset som tar seg av prefabrikasjon av trappesjakter, ventilasjon og anna utstyr til bustadkvartera som vert bygde i Aslaksvik.

SEKSJONSBYGGING FOR STORD VERFT

Mot slutten av 1960-talet slit Leirvik Sveis med å sikra seg nye oppdrag. «Storebror» Stord Verft har derimot flust opp med arbeid på supertankarane verftet bygger for Hilmar Reksten, og i 1970 får Leirvik Sveis kontrakt på bygging av botn-, dekks- og andre skipsseksjonar til desse kjempeskipa.

Dei neste fem åra blir så å seia all kapasitet brukt på stål arbeid til supertankarane. På det meste blir det levert ein 50-tonns seksjon kvar dag, og i toppåret forsyner Leirvik Sveis naboverftet med totalt 10.500 tonn seksjonar og 1.500 tonn utrusting.

Samtidig med seksjonsbygginga bygger Leirvik Sveis også ut anlegget i Aslaksvik, der det kjem til ny verkstadhall og kranbane som strekker seg ut i sjøen.

RIKHALDIG INDUSTRIPRODUKSJON

Heilt sidan den spede starten i Evjo har Leirvik Sveis teke på seg ulike småoppdrag attåt hovudgeskjeften, og litt etter litt veks det fram ein heil industriproduksjon som utover 60- og 70-talet femnar om alt frå branndører til hydrofonpumper, transportskruar, syklonar og svære stålsiloar. Mykje av utbygginga av verftsområdet i Aslaksvik blir dessutan gjort med eigne hender, til dømes oppføring av plateverkstad, kompressorhus, og bygging av brennebord, truck og forlenga kranbom.



Seglneset anno 1961.

Frå stålhus til offshorehotell

INN I OFFSHOREÆRAEN

I 1974 får Leirvik Sveis inngangsbilletten til det som skal bli selskapet sitt spesialfelt fram til i dag: Bygging av bustadkvarter til offshoreindustrien. Mobil Exploration har spurta Aker Stord om å bygga bustadkvarteret til Beryl A, den aller første Condeep-plattforma i Nordsjøen, men på Aker Stord er dei framleis mest opptekne av å halda oppe produksjonstakten for supertankarane. Vil Leirvik Sveis bygga Beryl A-hotellet, som underleverandør til Aker Stord?

På «Sveisens» har satsing på offshorebransjen vore hyppig drøfta i administrasjonen. Rett nok har verftet knapt med folk og plass til ein så omfattande jobb, men det er jo eit uhyre interessant oppdrag. Aker Stord får ja. Dermed er det berre å setta i gang med å sprenga ut fjellmassar, fylla i sjøen og laga sliskebanar for stålhusa – som bustadkvartera vert kalla på den tida. Sidan produksjonshallen er full av skipsseksjonar, lagar dei seg til med eit spesialarrangement på utsida – der bustadmodulseksjonane blir bygde. Våren 1975 er dei tre første «stålhusa» til Beryl A leverte frå Leirvik Sveis, og verksemda får òg vera med på å gjera hotellet heilt ferdig på plattformdekket i Stavanger.



I 1975 får Beryl-feltet på britisk sokkel fekk det første «stålhuset» som Leirvik Sveid bygger for offshoreindustrien.

Utover 1980-talet bygger Leirvik Sveis bustadkvartera til alle dei store norske plattformene i Nordsjøen.



SLUTT FOR SUPERTANKARANE

Då oljekrisa rammar i 1973, fell botnen ut av marknaden for store tankskip – og i 1975 leverer Aker Stord sin aller siste supertankar. Dermed er det òg slutt på seksjonsbygginga hos Leirvik Sveis. Ei vidare offshoresatsing har ofte vore drøfta i administrasjonen, og då kontrakten på bustadkvarteret til Statfjord A-plattforma vert lyst ut, går Leirvik Sveis etter denne – og vinn. Dermed har verksemda for alvor fått ein fot innanfor oljebransjen.

GIGANTANE STÅR I KØ

Dei første ti åra i offshoreindustrien vinn Leirvik Sveis alle kontraktar dei satsar tungt for å få, og tener gode pengar. Til og med 1989 bygger verftet bustadkvartera til alle dei store norske Condeep-plattformene i Nordsjøen; Statfjord A, B og C, Gullfaks A, B og C, samt Oseberg A. No er det ikkje lenger snakk om enkle stålhus, men store offshorehotell med stadig høgare standard både på kabinar og fellesareal.

Det er i denne perioden Leirvik vert den leiande leverandøren av bustadkvarter til Nordsjøen, ein posisjon selskapet framleis innehavar den dag i dag.

Dei store byggeprosjekta krev utvikling av verftsområdet i Aslaksvik, og gjennom åra blir anlegget både utvida og oppgradert med auka krankapasitet, nytt administrasjonsbygg og nytt produksjonsutstyr. Talet på tilsette veks, og Leirvik Sveis går frå å vera ei lita til ei mellomstor bedrift.

SEGLNESET EKSPANDERER TIL GRUNNAVÅGEN

I 1985 kjøper avdelinga på Seglneset opp verksemda Delindustri på Grunnavågsneset i Sagvåg. Etter kvart skal all industriproduksjonen til Leirvik Sveis bli samla her, og mot slutten av 80-talet blir verkstaden dedikert som prefabrikasjonsstad for rør til bustadkvartera Leirvik Sveis bygger.



Satsing på aluminium

ALUMINIUMSEKSPERT PÅ REKORDTID

Det er Norsk Hydro som på Oseberg A for alvor introduserer aluminium som konstruksjonsmateriale i offshore bustadkvarter, eit prosjekt der Leirvik brukar 600 tonn aluminium mellom anna i trappetårna og helikopterdekket. Den neste milepålen for materialet kjem med den flytande plattforma til Snorre-feltet, der Saga Petroleum ønsker verdas første bustadkvarter bygd i aluminium.

Leirvik Sveis er i utgangspunktet skeptiske, men vel likevel å satsa på Snorre. Og utan å ha nokon som verkeleg kan aluminium, og med ei ingeniøravdeling i støypeskeia, vinn selskapet oppdraget. Det betyr store endringar i drifta: Avdelinga på Seglneset blir lagt ned som stålbedrift, no skal dei spesialisera seg på aluminium. Det blir investert mellom 40 og 45 millionar kroner i utstyr og opplæring, inkludert ein sveiserobot, og i Aslaksvik vert det bygd ein eigen hall for samanstilling av aluminiumsmodulane. Prefabrikasjon av rør vert lagt til Grunnavågsneset.


På kort tid bygger Leirvik opp ein aluminiumskompetanse ingen andre i Noreg eller verda har, og denne blir komplettert med nye verktøy og nye, eigenutvikla metodar for å jobba med aluminium som konstruksjonsmateriale. Men Snorre vert aldri gjennombrotet for aluminium i offshoresamanheng. Kundane held fram med å satsa på bustadkvarter i stål også dei fem første 90-åra.



Med bustadkvarteret til Snorre-feltet bygger Leirvik Sveis opp ein unik ekspertise på aluminiumskonstruksjon som verksemda har vidareutvikla fram til i dag.

KVARDAGEN ENDRAR SEG

Etter byggeboomen det meste av 70- og 80-talet, vert det ein annleis kvardag utover 90-talet. Konkurransen hardnar til. Dei store felta i Nordsjøen er utbygde, oljeprisen er låg, og flytande produksjonsanlegg tek over marknaden. Samstundes byrjar oljeselskapa å tildela totalkontraktar for heile plattformer, og dermed må Leirvik attende til rolla som underleverandør til dei største offshoreverfta.



Prosjektering
på 1980-talet.

PIONER INNAN BRUBYGGING

Seint på 80-talet etablerer Leirvik Sveis seg òg som brubyggar, og leverer i rask rekkefølge fire stålbruar til Statens vegvesen. Verksemda har fått ein fot innanfor nok ei ny, lita nisje.

I kjølvatnet av dei fire stålbruene, jobbar Leirvik Sveis saman med Sintef, Veglaboratoriet, A. R. Reinertsen, Norsk Hydro Karmøy og Vik Verk for å få vegvesenet til å vurdera aluminium på linje med stål- og betongbruar. I februar 1995 blir det napp. Nordland vegkontor tildeler Leirvik Sveis kontrakten på bygging av den 39 meter lange og 30 tonn tunge Forsmo bru i aluminium – eit pionerprosjekt i norsk målestokk.



I 1995 leverer Leirvik Sveis
Noregs første vegbru i
aluminium til fylkesveg 241
i Vefsn i Nordland.





Frå 1997 og utover får aluminium for alvor sitt gjennombrot som konstruksjonsmateriale for bustadkvarter til norsk offshoreindustri.

Ei bølge av optimisme

Dei ulike aktørane i oljeindustrien presenterer Norsok-rapporten, som slår fast at leverandørindustrien må levera prosjekta til halv pris og dobbelt så raskt om marginalfelta i Nordsjøen skal byggast ut. I samarbeid mellom oljeselskapa og leverandørindustrien blir det også utvikla nye standardar og ei ny kontraktsform for framtidige utbyggingar, og Leirvik Sveis deltar aktivt i fleire av komiteane som jobbar fram dei nye kravspesifikasjonane og kontraktsregimet.

Norsok skaper ei bølge av optimisme i ein heil bransje. No skal utbyggingane bli billegare, fleire prosjekt bli realisert, og leverandørane prisar prosjekta deretter.

I 1996 leverer Leirvik Sveis
bustadkvarteret og helidekket til Njord A
– den første plattforma bygt etter den nye
Norsok-standarden.



Foto: Thomas Sola / Equinor



KONTRAKTANE RENN INN, MEN IKKJE PENGANE

Leirvik Sveis er ein av optimistane. Som følgje av Norsok-rapporten, set verftet seg ei knallhard målsetting om å redusera prisane sine med 60 prosent i løpet av 1996. Kvar Stein blir snudd for å finna kostnadsreduserande tiltak, og på berre eit halvt år kan verksemda prisa bustadkvarteret til Njord-plattforma vesentleg billegare enn Troll Olje.

Njord-plattforma er første prosjekt som skal byggast i tråd med NORSOK-standardane. Norsk Hydro gir jobben til Aker Stord, som tildeler Leirvik Sveis kontrakten på bygging av bustadkvarteret. Kontrakten utløyser ein ketsjupeffekt for hotellbyggjarane på Stord, som dei neste åra også sikrar seg bustadkvartera til Visund, Oseberg Øst, Troll C, Snorre B og Kvitebjørn.

Det viser seg at Norsok ikkje har den store kostnadseffekten ein har håpa på. Dermed er det heller därleg med innteninga for fleire i leverandørindustrien. Leirvik Sveis taper til dømes store summar på Visund-prosjektet, og som underleverandør med store krav mot hovudkontraktør Umoe i Haugesund held verksemda på å gå med i dragsuget då haugesundsverftet held på å gå konkurs. Til alt hell får Umoe forhandla seg til eit sluttoppgjer, og både Umoe og «Sveisens» overlever.



Visund vert det første prosjektet der Leirvik Sveis leverer ein kombinert bustad- og utstyrsmodul.

I 1998 utstyrer Leirvik Sveis også Troll C med ein kombinert bustad- og utstyrsmodul.



ALUMINIUM – BEST I DET LANGE LØP

Med bustadkvartera til plattformene Visund, Troll C, Oseberg Øst og Oseberg Sør (bygd av Aker Stord), får aluminium for alvor sitt gjennombrot som konstruksjonsmateriale fra 1997 og utover. Dei mange fordelane metallet gir for kundar som opererer i tøffe miljø både til sjøs og på land, har gjort aluminium til det foretrekte byggemateriale for Leirvik Sveis heilt fram til i dag.

Kombinasjonen av låg vekt, høg styrke og ingen rust gir minimalt vedlikeholdsbehov og forenkla prosjektgjennomføring. Resultatet er overlegne livssyklusfordelar i alle miljø og forhold.

Aluminium veg 30 prosent mindre enn stål, noko som gir viktige vektreservar som kan takast i bruk seinare, og det danner seg heller ikkje锈 på overflata. Aluminium eignar seg vidare godt til resirkulering, noko som er viktig i eit berekraftsperspektiv.

Mange har ei oppfatning av aluminium som eit mykje dyrare byggemateriale enn stål. Men med Leirvik si erfaring og omfattande ekspertise innan design og konstruksjon, kombinert med dei unike materialeigenskapane, kan selskapet i dag tilby aluminiumkonstruksjonar med eit svært konkurransedyktig kostnadsnivå samanlikna med stål.

2000

2000—2005



Global satsing

På slutten av 1990-talet fell oljeprisen under 10 dollar fatet, og heile den norske olje- og gassindustrien går inn i 2000-talet i krisemodus. Einaste kjende kontrakten å kjempa om er bygginga av Kvitebjørn-plattforma for Statoil, og Leirvik Sveis sikrar seg bustadkvarteret utpå våren same år. Utan den, hadde inngangen til det nye millenniet vore heilsvert.

Den låge oljeprisen betyr at utbyggingar på norsk sokkel ikkje vil løna seg så langt ein kan sjå framover. Det blir tydeleg at Leirvik må retta blikket mot verda for å finna nye marknader for bustadkvartera sine. Internasjonaliseringa, som Leirvik Sveis for så vidt hadde starta med bustadkvartera til dei britiske Beryl A- og Nelson-prosjekta på 70- og 90-talet, får fornya og fullt fokus. Selskapet siktar inn Mexicogolfen og Vest-Afrika som nye satsingsområde.

Leveransen av bustadkvarteret og utstyrsmødelen til Clair-plattforma i skotsk farvatn i 2004 er med på å støtta opp under internasjonaliseringss prosessen, og i 2001 skiftar driftsselskapet også ut det tradisjonsrike Leirvik Sveis-namnet med det meir internasjonalt klingande Leirvik Module Technology (Leirvik MT).

Forsterka internasjonalt fokus resulterer mellom anna i bustad- og utstyrsmodulen til skotske Clair (ovst) og oppdrag i Kina.





Snorre B ved kai Leirvik.



Delproduksjon av skott til Snorre B på Seglneset.



BRANN I DET NYE BUSTADKVARTERET

Berre småarbeid står att på det nye bustadkvarteret til Snorre B, då det i mars bryt ut brann om bord. Flammane gjer i utgangspunktet mindre materiell skade, men ved nærmare ettersyn viser det seg at branntilløpet har påført ein del røyk- og sotskadar. For å vera på sikre sida, blir det bestemt å byta ut isolasjonen og fleire viktige delar i heile andre etasje i modulen. Dermed må den planlagde overleveringa til Aker Stord i april utsettast til september. Forsikringsoppgjeren sikrar at dei økonomiske konsekvensane er små for Leirvik Sveis. Årsaka til brannen vert aldri klarlagd.



Leirvik MT-standen på den store oljemessa i Houston i 2004.

USA-SATSING BER FRUKT – I KINA

Houston i USA blir startgropa for den internasjonale satsinga. Her etablerer Leirvik MT fleire samarbeid og startar selskapa Leirvik Quarters Inc og Leirvik Beacon Offshore. Førstnemnde er eit designselskap eigd i partnarskap med arkitektselskapet Popham Walters Inc, som prøver å vinna EPC-kontraktar både i amerikansk og meksikansk sektor av Mexicogolfen. Krava til lokalt innhald i kontraktane gjer at det også må satsast på fabrikasjon på amerikansk jord, og for å få produksjonskapasitet etablerer Leirvik Quarters Inc og Texas-baserte Beacon Maritime i fellesskap produksjonsselskapet Leirvik Beacon Offshore.

USA-initiativet ber ikkje frukt i form av kontraktar i Mexicogolfen. I staden fører det Leirvik MT til Kina. Gjennom Houston-satsinga får selskapet kjennskap til at amerikanske ConocoPhillips er på jakt etter ein vestleg aktør som kan hjelpe det kinesiske verftet Bomesc med å bygga oljeplattformer til Penglai 19-3-feltet, som ConocoPhillips har eigarinteresser i. Leirvik og Bomesc blir kopla saman, og gjennom dette samarbeidet leverer Leirvik design- og engineeringpakkar til fem bustadkvarter i åra 2002 til 2007. I denne perioden har Leirvik også eigne folk i Kina som lærer kinesisk personell offshorekvalitet i dei ulike fagdisiplinane som er representert i moderne bustadkvarter.



Nigeria-satsinga til Leirvik resulterer i bustadkvartera til Dibi- og Delta-felta.

KORT- OG LANGVARIG NIGERIA-EVENTYR

Nigeria er eit land med store petroleumsførekomstar, og tidleg på 2000-talet skal det byggast ei rekke plattformer for å henta opp den fossile energien. Norsk industri, med Statoil i bresjen, ser Nigeria som eit spennande satsingsområde – og Leirvik Module Technology er ikkje noko unntak.

I november 2001 etablerer selskapet Leirvik Module Technology Nigeria saman med det nigerianske selskapet OOP Consultants. Det nye selskapet får raskt kontrakt på bygginga av bustadkvartera til Dibi- og Delta-felta, som skal opererast av Chevron Nigeria. Kontrakten markerer gjennombrotet i ein ny marknad, og i 2004 står begge modulane fiks ferdige i Aslaksvik – klare for transport til Nigeria.

Chevron betalar for bustadkvartera, men hentar dei ikkje. I staden leiger oljeselskapet lagringsplass for oljehotella hos Leirvik MT. Til Bergens Tidende seier Chevron i 2006 at det eine bustadkvarteret skal gå i 2007, men at nummer to må venta til plattformunderstellet er bygt. Selskapet avviser at avreisene er utsett som følge av den pågående uroa i Nigerdeltaet, der fleire oljeselskap har mått redusera og utsetta deler av oljeproduksjonen grunna trugsmål og angrep mot installasjonar og personell i området.

Denne uroa, kombinert med stor tilgang på oppdrag andre stader, gjer at Leirvik MT i 2006 avviklar datterselskapet i Nigeria etter berre fire års drift. Bustadkvartera Dibi og Delta blir først skipa nedover til det vestafrikanske landet i 2012.

VALUTAKNEKK FORENKLAR ARBEIDSPROSESSANE

I første halvdel av 2000-talet svekker den norske krona seg betydeleg i høve den amerikanske dollaren. Dette gjer at Leirvik taper pengar på dei to bustadkvartera til Nigeria, og at verksemda går glipp av fleire internasjonale kontraktar som følge av det norske prisnivået. Som eit motsvar drar Leirvik MT i gang forbettingsprosjektet «Valuta 02», der arbeidsprosessane på verftet vert forenkla og verksemda blir meir konkurransedyktig internasjonalt i ei tid der ho har valutaen imot seg.

NYE SØVNREGLAR GIR VIKTIGE MODIFIKASJONSJOBBAR

I 2002 medfører nye reglar om minst mogleg samsoving for personell som jobbar offshore at det kjem krav om fleire enkeltlugarar på norsk sokkel. Endringa utløyser mange utvidings- og ombyggingsoppdrag på eksisterande bustadkvarter, og ekspertane på Stord vinn ei rekke oppdrag. Visund, Kvitebjørn, Oseberg Øst, Huldra og Snorre A er alle plattformer som får bygt og installert mellom 10 og 46 nye lugarar frå Leirvik MT mellom 2003 og 2007. Desse jobbane er svært viktige i mangelen av norske nybyggingsoppdrag i denne perioden, og Leirvik MT bygger opp ei eiga vedlikehaldsavdeling som reiser offshore og tar seg av installasjonane til havs.


Utselt!

Om nybygginga på norsk sokkel gjekk trått dei fem første åra av 2000-talet, byr siste halvdelen på fleire moglegheiter. Og Leirvik MT sikrar seg fleire kontraktar.

I oktober 2005 trassar Aker Kværner Stord spådomane om at «Kristin», som gjekk frå Stord i påskan same år, var den siste store plattforma som nokon gong ville bli bygt på Stord. Då vinn verftet oppdraget med å samanstilla dei to H6-riggane som Aker Drilling vil ha klar til 2008. Leirvik MT får jobben med å levera bustadkvartera til det som skal bli verdas mest avanserte djupvassboreriggar.

Det blir starten på nokre travle år, der selskapet i tillegg til H6-hotella også bygger utvidingsmodul med 46 ekstralugarar og kontrollrom, samt ein kontor- og verkstadmodul til Snorre A. Parallelt tikkar det inn kontrakt på bustadkvarteret til Gjøa-plattforma, tett følgt av ordren på storutviding av bustadkvarteret på Troll A. Ordreboka er no så full at Leirvik MT-representantane som deltek på den store offshoremessan i Houston i 2007 spørker om å henga opp eit stort banner med teksten «Sold out!» tvers over heile messestanden!

Bustadkvartera til dei to Aker H6-riggane (nedst) markerer starten på travle år for heile organisasjonen.



Gjøa klar for levering.



2005—2010

2010 leverer Apply Leirvik den
nye bustad- og kontormodulen til
Troll A, som mellom anna gir
platforma 150 nye senger.





SATSAR INNAN VEDLIKEHALD OG MODIFIKASJONAR

Etter mange vellukka vedlikehalds- og oppgraderingsoppdrag, bestemmer Leirvik MT seg i 2009 for å satsa meir på dette forretningsområdet med oppkjøp av Reanco Team.

Haugesundsselskapet blir slått saman med vedlikehaldsavdelinga i Leirvik MT til det nye selskapet Leirvik Reanco, seinare heitande Apply LQ Partner, men som i dag er innfusjonert i Leirvik som eige forretningsområde Vedlikehald og Modifikasjon. Selskapet sikrar seg ei rekke små og store oppdrag som inkluderer alt frå arkitektfag til støyisolering, innreiing, golvlegging, isolering, og anna vedlikehald og oppgraderinger av eksisterande bustadkvarter på sokkelen.

Gjennom satsinga på vedlikehald og modifikasjoner sikrar selskapet seg ei rekke små og store oppdrag utover 2000-talet

SIKRAR SEG HOVUDKONKURRENTEN

Svenske Emtunga Offshore AB var lenge den europeiske hovudkonkurrenten til Leirvik MT, men oppunder jul i 2008 blir selskapet slått konkurs som følgje av manglande betaling frå ein kunde som gjekk konkurs. Med mål om bli den leiande leverandören av bustadkvarter også internasjonalt, startar Leirvik MT saman med nokre av dei tidlegare leiarane i Emtunga opp igjen – og etablerer Leirvik Emtunga AB tidleg i 2009. Med på kjøpet får Leirvik MT svensk spisskompetanse og produkt som skal til for å bli leiande globalt.

NYE EIGARAR

I desember 2005 kjem Sørco Gruppen i Stavanger inn som ny eigar av Leirvik MT. Hovudintensjonen er å sikra seg ein fabrikasjonspartner med verkstad som kan bygga modular til Stavanger-verksemda sine vedlikehalds- og modifikasjonsoppdrag for olje- og gassindustrien. Men kort tid etter oppkjøpet, er ordrebøkene til Leirvik MT fulle, og kapasiteten til å fabrikkera for andre er minimal. Dermed vert det i stor grad «business as usual» for Leirvik MT også dei komande åra.

I 2009 går eigarane av Sørco Gruppen og Apply AS saman om å danna ein sterkt aktør innan vedlikehald, modifikasjoner og EPCI-prosjekt på norsk sokkel. Den nye konstellasjonen får namnet Apply Group, og Leirvik MT skiftar no namn til Apply Leirvik. Med nytt namn blir verksemda dei komande åra Apply Group sin spydspiss for forretningsområdet bustadkvarter og helidekk.

Smekkfull ordrebok

APPLY LEIRVIK FÅR EIN FANTASTISK START

Frå 2010 til 2015 renn bustadkvarterkontraktane inn: Master Marine sitt jack-up-fartøy L205, Gudrun og Hebron i 2010, Eldfisk og Edvard Grieg i 2012, og ikkje minst trekløveret Ivar Aasen, Gina Krog og Martin Linge med tre månaders mellomrom i 2013. Saman med Johan Sverdrup, som vert tildelt i 2015, betyr kontraktsrushet at Apply Leirvik i perioden 2013 til 2018 i praksis er utselt nok ein gong! Verftet har så mykje å gjera at Martin Linge blir fullt og heilt delegert til Apply Emtunga i Sverige. Det er ikkje kapasitet nok på Stord.

Kontraktane på bustadkvarter og helidekk til mellom anna Gudrun- (nede t.v.), Gina Krog- og Edvard Grieg-plattformene gir travle men kjekke år i perioden 2010-2015.





Edvard Grieg-hotellet
klart for levering.



OMSTILLING FOR AUKA KONKURRANSEKRAFT

For å bli endå meir konkurransedyktige, ser Apply Leirvik i arbeidet med Gudrun-hotellet i 2012 at noko må gjerast med effektiviteten i prosjekta. Apply Emtunga leverer på denne tida 15 timer engineering per kvadratmeter bustadkvarter. Leirvik ligg an til å bruka 42 timer per kvadratmeter på Gudrun. Dermed blir omstillingsprosjektet 42–15 fødd, ut frå målsettinga om å effektivisera engineeringa ned på Emtunga sitt nivå. I prosjektet blir alle arbeidsprosessar gjennomgått, forenkla og straumlinjeforma. Resultatet blir etableringa av ein fast gjennomføringsmodell for engineering.

Innføringa av Lean-filosofien i 2013, ein produksjonsmetodikk utvikla av Toyota, blir vidareføringa av 42–15. Lean er ein kontinuerleg forbetningsprosess, der ein søker å eliminera alle former for sløsing av tid og ressursar, for å skapa meirverdi med mindre innsats. I Apply Leirvik blir Lean innført på alle nivå i organisasjonen med namnet LQ One.

Travle tider, med tre modular i arbeid. Ivar Aasen t.v., Gina Krog og utvidingsmodul til Oseberg C.



Bustadkvarteret til Hebron-feltet gir utstasjonert Apply Leirvik-personell både viktig erfaring med å jobba med ein lokal partner og innføring i den canadiske folkesporten curling.

CANADA-FARARANE

I partnarskap med canadiske GJ Cahill Group vinn Apply Leirvik i 2012 òg kontrakten på bygginga av bustadkvarteret til ExxonMobil's Hebron-plattform. Apply Leirvik bidrar med prosjektleiing, engineering, innkjøp og byggeleiing, og for første gong utstasjonerer verksemda tilsette med partnarar og familiar i utlandet over ein lengre periode.

Det sju etasjar høge Hebron-bustadkvarteret blir omtalt som eit internasjonalt gjennombrot for Apply Leirvik. Ikkje berre er det eit stort og omfattande prosjekt for ein ny kunde, men verksemda får også viktig internasjonal erfaring og røynsle med å jobba tett med ein lokal partnar i eit anna land. Det siste kjem godt med i ei verd som blir stadig mindre og der det ofte blir stilt krav om lokalt innhald i kontraktane.

ASIA-ETABLERING

I 2012 og 2013 reknar Apply Leirvik på eit stort bustadkvarter som skal byggast til eit oljefelt i Australia. Kunden etterspør aluminium, og for å vera konkurransedyktige på pris leitar Leirvik etter ein asiatisk produksjonspartner. Valet fell på Aluminium Offshore i Singapore, ein av dei mest anerkjente aluminiumkonstruktørane i Asia – særleg kjent for helidekka. Apply Leirvik kjøper halvparten av selskapet, og saman dannar dei to partnarane Apply Leirvik International (ALIP) – som skal selja og bygga bustadkvarter for den asiatiske og australske marknaden.

Det visar seg at satsinga i Asia blir meir utfordrande enn tenkt. Med full ordrebok heime i Aslaksvik, er det vanskeleg å ha det nødvendige fokuset for å slå gjennom i Asia – og suksessen uteblir. ALIP er framleis eit registrert selskap, men har i dag ikkje noko aktivitet. Helidekk frå Aluminium Offshore har derimot funne vegen til ei rekke av bustadkvartera som er sette saman på Stord sidan 2013.

2018

Det gigantiske bustadkvarteret til
Johan Sverdrup er ein bauta i Leirvik
si 75-årige historie.

2015 — 2021



Designer og bygger verdas største

I 2015 ser Nordsjø-marknaden igjen litt tråare ut dei komande åra. Det er eitt nybyggingsprosjekt å kniva om, men det er til gjengjeld gigantisk: Offshorehotellet til Johan Sverdrup-feltet.


– Det beste som har skjedd oss nokosinne! er gjennomgangstonen då samarbeidspartnerane Kværner & KBR (K2JV) gir jobben til Apply Leirvik og jubelen står i taket i Aslaksvik.

Dette er den aller største kontrakten verksemda har sikra seg gjennom tidene. Ingeniørane gyv sporenstreks laus på jobben.

Oppdraget inkluderer engineering, innkjøp, konstruksjon og utrusting av eit sjuetasjars bustadkvarter på 14.500 kvadratmeter. Det skal innehalda 560 senger, rekreasjonsområde, garderober, helikopterdekk, helikopterhangar og andre fasilitetar som krevst i drifta av hotellet. Dei to første etasjane skal byggast i stål. Tredje til sjuande etasje skal byggast i aluminium. Bustadkvarteret blir delt i 10 store seksjonar der ståldelane skal byggast i Polen og aluminiumsdelane skal byggast av Apply Leirvik og Apply Emtunga i Göteborg – for så å bli sett saman og ferdigstilte hos Kværner på Stord. Der skal også helidekket frå søsterselskapet Aluminium Offshore i Singapore monterast.

Johan Sverdrup-opdraget inkluderer engineering, innkjøp, konstruksjon og utrusting til det sju etasjar høge hotellet. Dei ulike ingeniørdisiplinane gyv straks laus på jobben.





Eksteriør og interiør på Johan Sverdrup.

Dei tre neste åra er rundt 450 tilsette i dei tre søster verksemdene i full sving. I februar 2018 blir bustadkvarteret overlevert K2JV/Equinor – til rett tid, kvalitet og avtalt pris. Før avreise ut til feltet, står meir enn 5.000 stordabuar og andre sunnhordlendingar i kø i februarkulda for å få seg ein rundtur i praktbygget då Kværner arrangerer open dag. – Det er utrøleg flott her, nesten litt luksus, lyder ei av tilbakemeldingane frå imponerte gjester.

Johan Sverdrup-prosjektet står som ein bauta i Leirvik si historie, og er enn så lenge det største høgdepunktet i den 75 år lange tradisjonen med båtbygging og offshorekonstruksjon.



SAFE STEPS

Helse, miljø og sikkerheit er ein grunnpillar for aktivitetane til Leirvik, og i 2016 revitaliserer verksemda HMS-kulturen med programmet «Safe Steps». Med mottoet «If you see it, you own it», er målet å styrka bevisstheita og forståinga av ansvaret som kvar enkelt tilsett har for å sikra eit trygt og godt arbeidsmiljø.

Det overordna HMS-målet til Leirvik er å vera ein sunn arbeidsplass, utan ulykker eller skadar på menneske, eigedom eller miljøet, med eit arbeidsmiljø prega av engasjement og anerkjenning.

APPLY LEIRVIK AS BLIR LEIRVIK AS

Apply-konsernet gjennomfører i 2017 ei stor restrukturering, der konsernet blir delt i fire sjølvstendige og reindyrka selskap. Apply Leirvik skiftar namn til Leirvik AS, og held fram som spesialist på engineering og bygging av bustadkvarter i aluminium.

Dei andre tre selskapa i konsernet blir heitande Apply (tidlegare Apply Sørco, Apply Rig & Modules og Apply Capnor), Emtunga Solutions (tidlegare Apply Emtunga) og Aluminium Offshore (som før).

I 2019 blir både Leirvik AS og dei tre andre ovannemnde selskapa del av den nye industrielle grupperinga Moreld, som femnar om 20 ulike selskap med aktivitetar innan sektorar som fornybar energi, olje og gass, akvakultur, subsea, landbasert industri, vedlikehald og modifikasjoner.





SUCESSO BRASILEIRO

Equinor har eigentleg tenkt å bygga i stål då dei i 2017 er på jakt etter bustadkvarter til Peregrino II-plattforma i Campos Basin i Brasil. Eit typisk Apply Emtunga-oppdrag, tenker derfor aluminiumsspesialistane på Stord. Men då oljeselskapet byrjar visa interesse for aluminium, kastar Apply Leirvik seg med i kampen.

Etter grundige omstettings- og effektiviseringsprosessar på alle plan, vil verksemda visa at aluminium kan konkurrera med stål også på pris. Tilbodet som blir levert inn matchar ikkje berre Apply Emtunga – Apply Leirvik er faktisk billegare enn stålprisen til ein amerikansk konkurrent. Dermed går oppdraget til Stord.

I 2019 seglar Peregrino II-hotellet ut i Atlanterhavet med kurs for Brasil, til avtalt tid, kvalitet og pris. Prosjektet viser verkeleg at produkta til ei bedrift på den norske vestkysten kan vera fullt ut konkurransedyktige også i verdsmarknaden.

SLUTT PÅ SEGLNESET

Etter nær 50 års drift på Seglneset, bestemmer Apply Leirvik AS i 2017 for å flytta all aktivitet til hovudkvarteret i Aslaksvik. Bakgrunnen for flyttinga er behovet for samlokalisering og tilpassing av fabrikasjonen til framtidige prosjekt og ei meir framtdsretta, effektiv og kostnadssparande drift på éin lokasjon.

Med seg på flyttelasset har dei 15 tilsette 25 års unik aluminiumskompetanse, etter konstruksjon av tallause modular som har blitt frakta til Aslaksvik for samanstilling til store bustadkvarter. Som dedikert prefabrikasjonsverkstad har Seglneset mellom anna levert seksjonar til alle bustadkvarter i aluminium levert frå Apply Leirvik opp gjennom tidene.



MASSIVE MODIFIKASJONAR

Sidan oppkjøpet av Reanco i 2009, har Apply Leirvik hatt eit dedikert team for små og store vedlikehalds- og modifikasjonsjobbar på eksisterande bustadkvarter gjennom selskapet Apply LQ Partner. I 2016 blir selskapet innfusjonert i morselskapet Apply Leirvik AS, og held fram som det dedikerte forretningsområdet «Maintenance & Modifications» (M&M) – med eigne offshoreoperatorar, dedikerte engineeringressursar og eigenproduksjon av datagolv under merkevarenamnet Leirvik Raised Access Floor. Forretningsområdet utfører òg ei rekke ulike studiar for kundane, og utviklar nye, framtidsretta konsept som Connected LQ – eit kvantesprang for energiøkonomisering og CO₂-redusjon i bustadkvarter

M&M opererer hovudsakleg i spotmarknaden direkte inn mot operatørselskapa, ein marknad kjenneteikna av høgt tempo og stor skilnad i arbeidsomfanget. Eine dagen kan jobben vera å skifta fire dører, neste oppdrag kan vera omfattande ombyggingar av kjøkken, kjøle- og fryserom, oppholdsrom, kabinar, eller førebuande studiearbeid.

I 2019 får Leirvik AS ta del i levetidsforlenginga av Njord-plattforma hos Kværner Stord, og blir etter kvart ein integrert samarbeidspartner for Equinor.

I 2019 sikrar M&M òg oppdraget med totalrenovering av bustadkvarteret på produksjonsskipet «Jotun A», som Vår Energi har inne til ei massiv levetidsforlenging hos Rosenberg Worley i Stavanger mellom 2020 og 2022. Oppdraget er så omfattande at oppunder 200 tilsette i periodar deltar i prosjektet. Med ein roleg nybyggingsmarknad i starten på 2020-åra, gir M&M-aktiviteten på Jotun A og i offshoremarknaden elles Leirvik AS ei stødig bru over stille vatn – inn mot prosjekt og nye marknader.

Totalrenoveringa av bustaddelen på produksjonsskipet Jotun A i Stavanger gir i periodar jobb til eit par hundre Leirvik-tilsette.

ROBOTISERING OG DIGITALISERING

Historia til Leirvik syner ei kontinuerleg jakt på betre og meir effektive måtar å jobba på. Og med mål om å styrka konkurranseevna ytterlegare, startar Leirvik i 2018 ei ny og spennande reise inn i ei meir digitalisert og robotisert framtid.

Gjennom ARoW-prosjektet (Automatic Robot Welding) tar verksemda i bruk ein ny sveiserobot i 2020, ei testcelle som fungerer godt. Med denne roboten vil Leirvik først og fremst finna ut korleis automatiseringa kan hjelpe verksemda til å produsera veggjar og skott til bustadkvarter meir effektivt. Målet er å etablera ei robotisert produksjonslinje som står klar til bruk for eksisterande og nye marknader i 2022. Roboten skal då sveisa basert på informasjon som automatisk vert henta ut frå 3D-modell. Neste steg i utviklingsløpet blir å etablira ein effektiv metode for å programmera sveising av unike konstruksjonar, slik at verksemda kan dra full nytte av teknologien.

Auka grad av automatisering vil også gagna satsinga i nye marknader. I infrastruktursektoren er prisane endå meir pressa enn i offshorenæringa, og robotsveising og fabrikkproduksjon er til dømes viktige berebjelkar for effektiv fabrikasjon av bruelement.

Robotssveisinga er ein viktig del av digitaliseringsstrategien som Leirvik utviklar gjennom 2019 og 2020. Denne strategien inneholder også ei rekke andre komponentar, som for eksempel digitalisering av jobbpakkar og tilbakemelding av status på desse jobbane, utviklinga av Connected LQ – neste generasjon bustadkvarter som ved hjelp av energieffektive løysingar, sensorar og smart styring kan spara kundane våre for mykje straum og gi dei eit lågare karbonavtrykk, samt flytting av internkommunikasjonen over på Workplace – eit verktøy som gir langt betre informasjonsflyt og moglegheit for alle tilsette til å skapa innhald.

Gjennom digitaliserings- og automatiseringsprosessane får Leirvik ei betre forståing av korleis digitalisering ikkje berre dreier seg om kostnadsreduksjonar. I dag ser verksemda digitaliseringa som eit viktig hjelphemiddel til å skapa større verdi for kunden og eit potensial for å utvikla nye forretningsmodellar.





Gjennom ARoW-prosjektet (Automatic Robot Welding) tar Leirvik AS i bruk ein ny sveiserobot i 2020. Målet er i første omgang å etablere ei robotisert produksjonslinje for veggar og skott til bustadkvarter.

Nye satsingsområde

Med utsikter til ein vedvarande reduksjon i offshoremarknaden, etablerer Leirvik AS i 2019 forretningsområdet «Nye markeder» som skal utvikla nye bein å stå på inn i det grøne skiftet. Etter ein lang og grundig strategiprosess, som starta alt i 2016 og vart gjennomført i fleire etappar og med deltaking frå alle tilsette, landar styret på tre hovudsatsingsområde: Akvakultur, infrastruktur og offshore vindkraft. Alle tre har sitt utspring i den unike aluminiumskompetansen til dei tilsette.

AKVAKULTUR

Mange meiner havbruksnæringa vil spela ei viktig rolle i å metta den veksande verdsbefolkinga, og norske politikarar legg opp til ei femdobling av norsk oppdrettsproduksjon innan 2050. Havbruk utgjer dermed ein enorm marknad, med eit stort potensial for Leirvik AS. Ikke berre kan verksemda utnytta kjernekompasjons sin på aluminium, utbyggingsprosjekta passar også svært godt inn i leveransemodellen verksemda har drilla inn.

For Leirvik AS er det fleire vegar inn i havbruksnæringa, men så langt peikar landbasert oppdrett seg ut som den tydelegaste. Verksemda har mellom anna inngått samarbeid med bergensselskapet SeaRAS, og saman med dei utvikla OptiRAS – eit banebrytande konsept for oppdrett på land med betre vasskvalitet og ein tredel av energiforbruket til eit tradisjonelt landanlegg med resirkulering av vatn (RAS). Leirvik AS sin leveranse i slike prosjekt vil vera dimensjonering og detaljprosjektering av anlegga, samt bygging og levering av oppdrettskara med tilhøyrande reinseanlegg. Målet er i første omgang å få levert eit pilotanlegg med OptiRAS, for å visa marknaden at dette er eit reelt og betre alternativ.

Neste steg er å levera komplette anlegg til store landbaserte utbyggingar, først i Noreg men etter kvart også til den internasjonale marknaden.

Selskapet forfølgjer også to andre konkrete spor i akvakultursatsinga. Det eine er bygging av lukka anlegg til bruk i sjøen, og på forsommaren 2021 er verksemda godt i gang med første leveranse. For selskapet Ecomerden i Bergen fabrikkerer spesialistane i Aslaksvik ein flytepontong av aluminium til ein tolvkanta merd med 45 meters diameter. Merden skal så utstyrast med ein spesiell dukpose, som gjer ho til eit lukka anlegg, før utplassering på ein lokasjon i Kvinnherad.

Leirvik AS har også gjort ein studie og levert tilbod inn mot havbruksprosjekt offshore. I høve denne nisjen ser verksemda det som mest aktuelt med meir tradisjonelle leveransar i form av modular og bueiningar.

INFRASTRUKTUR

Allereie i 1995 leverte Leirvik MT Noregs første bru i aluminium, den 39 meter lange Forsmo bru i Nordland. No vert infrastruktursektoren igjen løfta fram som ein marknad med stort potensial og lang horisont for aluminiumseksperten.

Dei første samtalane med vegvesenet startar i 2016, og i 2019 blir det for alvor fart i satsinga. Då blir Leirvik AS med i ein konseptstudie av ei aluminiumsbru til nye E39 over Langenuen mellom Stord og Tysnes – eit prosjekt som vert gjennomført saman med Dr. Techn. Olav Olsen AS, Hydro, Sintef og Vegvesenet. Prosjektet gir den nye infrastruktursatsinga ei veldig god draghjelp i startfasen, der Leirvik AS jobbar parallelt med utvikling av eigne brukkonsept.

Ingeniørane ser på alt frå enkle, korte gangbruar til dei verkeleg store bruspenna, men konkluderer med at det er på dei større bruene at aluminium sine fortrinn i form av vekt, styrke, null vedlikehald og 100 prosent resirkuleringsgrad har størst verdi og marknadspotensial. Det vert òg avdekt at det er ein stor fordel at bruprosjekta strekker seg over sjø, med tanke på bygging av større einingar i Aslaksvik med påfølgande transport til brukasjoner. For dei verkeleg store bruene, som krev stor plass til fabrikasjonen, ser Leirvik AS for seg etablering av robotiserte satellittfabrikkar på eksterne lokasjonar nær brukryssingane – slik at bygging, transport og samanstilling skjer mest mogleg effektivt og miljøvennlig. Leirvik AS samarbeider mellom anna med Sintef om oppsett på ein slik fabrikk, og deltek i fleire andre forskingsprosjekt saman med resten av aluminiumsmiljøet i Noreg og potensielle sluttkundar.

I 2020 går konseptstudien for Langenuen-brua over i ein forstudie, som vert fullført sommaren 2021. Om det blir realiseringa av bruha over Langenuen, eller eit anna prosjekt, er målet til Leirvik AS i skrivande stund å få delta i eit innovasjonsprosjekt saman med Vegvesenet der verksemda får vist fram produktet for entreprenørar og vegstyresmakter i inn- og utland. I vegvesenet blir aluminiumsbruer framsnakka som gode infrastrukturtiltak, og dei ser slike løysingar som ei potensiell norsk eksportvare for framtida.

OFFSHORE VINDKRAFT

Offshore vind er den siste marknaden som er blinka ut som framtidig satsingsområde. Her jobbar Leirvik AS inn mot vindkraftsatsinga til andre selskap i Moreld-grupperinga. Verksemda har mellom anna vurdert produksjon av både vindmølleblad og generatorhus til bruk offshore, men har så langt landa på at det ikkje er produkt å satsa på. I skrivande stund er det meir generelle aluminiumskonstruksjonar, som trapper, gangvegar og modular som peikar seg ut med størst marknadspotensial for Leirvik AS.



2021 >





Vegen vidare


Dei første 75 åra til Leirvik AS har vore ei fantastisk reise gjennom entreprenørskap, utvikling og innovasjon. Verksemda har vore ein viktig bidragsytar i prosessen som har gjort Stord til det allsidige og leiande industrisamfunnet me ser i dag, og Leirvik AS har utvikla ein verdsleiane kompetanse på bygging av store aluminiumskonstruksjonar.

NYE MARKNADER GIR SPENNANDE UTSIKTER

– Det er denne unike kompetansen me skal bygga vidare på når bedrifta tar steget inn i det grøne skiftet, seier administrerande direktør Helge Gjøsæter.

Med verdiskaping retta mot skipsnæringa og olje- og gassindustrien, har Leirvik AS i alle år vore vant med at marknadene går i bølgjedalar.

– At plattformbygginga i Noreg går mot slutten, er eit scenario som har blitt mykje meir reelt dei siste åra som følgje av det nasjonale og globale fokuset på omlegging til fornybare og utsleppsfree energikjelder. Det betyr at me i Leirvik AS må rigga oss også for andre typar oppdrag enn bustadkvartera me er så anerkjende for. Etter ein grundig strategiprosess, har me blinka ut tre nye marknader me skal jobba oss inn i: Akvakultur, infrastruktur og offshore vindkraft. Her ligg det store og spennande moglegheiter for Leirvik AS, og me har alt sikra oss den første kontrakten for oppdrettsnæringa, framhevar direktøren.



OLJE OG GASS FRAMLEIS VIKTIG

Han poengterer samstundes at verda vil vera avhengig av olje og gass i mange år framover. Ikkje berre som energikjelde, men òg som viktige råvarer i petrokjemisk og kjemisk industri. Olje- og gassindustrien vil derfor framleis utgjera ein viktig marknad for Leirvik AS i lang tid.

– Marknaden for nye bustadkvarter er på ingen måte slutt heilt enno. Skatteforliket som i 2020 blei inngått med oljeselskapa som følgje av koronakrisa, har til dømes utløyst fleire prosjekt på norsk sokkel. Me posisjonerer oss no for utbyggingane av Wisting- og NOAKA-felta. Vinn me bustadkvartera til desse, vil me ha EPC-prosjekt som strekker seg heilt frå 2022 til 2026. Det er mange år sidan me har hatt ein så god horisont på nye bustadkvarter, fortel Gjøsæter.

Om utbygginga på den norske sokkelen skulle stoppa opp, vil det framleis vera bustadkvarter å tevla om ute i verda. Med Peregrino II-leveransen til Brasil i 2018 viser Leirvik AS for alvor at verksemda er konkurransedyktige med aluminium også internasjonalt.

– Ikkje minst vil det òg vera mange vedlikehalds- og modifikasjonsoppdrag å tevla om på eksisterande installasjonar. Hugs at til dømes Johan Sverdrup-plattforma er bygd for å produsera i heile 50 år. Denne marknaden er forretningsområdet M&M godt posisjonert for å sikra seg store og små oppdrag i, minner Leirvik AS-direktøren om.

STOR TRU PÅ FRAMTIDA


Han ser for seg ein glidande overgang inn i marknadene som på sikt skal erstatta dagens kjerneverksemd, der oppdrag innan olje og gass gir verksemda eit godt grunnlag til å utvikla dei nye satsingsområda dei komande åra.

– Me må både utvikla produktporteføljane inn mot akvakultur, infrastruktur og offshore vind, og me må vidareutvikla produksjonsmetodane våre. Skal me vera konkurransedyktige i desse segmenta, må me for eksempel nytta oss av robotar, automatiserte prosessar og digitale verktøy i større grad enn me gjer i dag. Dette er forbeteringar me er godt i gang med.

Med dyktige og kompetente tilsette i alle ledd, godt arbeidsmiljø, ein solid og strukturert gjennomføringsmodell, og ikkje minst ein bedriftskultur der god HMS og jakta på kontinuerlege forbeteringar er ein sentral del av jobbkvardagen, kjenner Gjøsæter seg trygg på at Leirvik AS har mange gode år framfor seg.

– Eg har stor tru på framtida. No skal me både nytta entreprenørskapen som har vore i verksemda i alle år i utviklinga inn mot nye marknader, samtidig som me skal halda fram med å vinna og levera gode prosjekt i dei eksisterande marknadene – der me allereie er verdsleiane.

Leirvik-ingeniørane ser at aluminium har størst verdi og marknadspotensial som byggemateriale for større bruer.





**... og det held fram med
ein draum**

2021 ^



*Store infrastrukturprosjekt kan bli ein viktig pilar
i framtida til Leirvik AS.
Den store draumen er å få bygga Hordfast-brua
over Langenuen i aluminium (ill.).*



www.leirvik.com

Foto: Øyvind Sætre, Jørn Olav Myhre, Vilde Hjertholm Lunde, Thomas Sola/Equinor,
Magne Langåker, Zpirit, Leirvik AS fotoarkiv, bilete henta frå boka «Leirvik Sveis 50».

